



## Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
54/21	Næring- og miljøutvalet	26.07.2021
101/21	Formannskapet	02.08.2021

### 2. gongs høyring/offentleg ettersyn - Detaljregulering for Brekkane

#### Samandrag:

Detaljregulering for Brekkane, planID 20180002, har som formål å utvikle eit heilskapleg, sentrumsnært og attraktivt bustadfelt for frittliggande/konsentrerte småhus og einebustadar. Det skal òg etablerast ny vegløyning og tilhøyrande infrastruktur. Planforslaget har nyleg vore på 1.gongs høyringsperiode/offentleg ettersyn. Med bakgrunn i innspela som kom inn, er det mellom anna gjort endringar i trafikkavviklinga knytt til Drammensvegen og Brekkane. Grunna endringane i planforslaget, må planen sendast på 2. gongs høyring/offentleg ettersyn.

#### Formannskapet 02.08.2021:

##### Nye framlegg:

##### Behandling:

#### FSK- 101/21 Vedtak:

I medhald av PBL § 12-10 vedtek Hareid formannskap å legge ut forslag til detaljregulering for Brekkane med planID 20180002, vist på plankart datert 13.07.2021 med tilhøyrande planomtale og føresegner til offentleg ettersyn. Høyringsfrist vert sett til minimum 6 veker.

#### Næring- og miljøutvalet 26.07.2021:

##### Nye framlegg:

##### Behandling:

#### NMU- 54/21 Vedtak:

#### NMU innstiller på at

I medhald av PBL § 12-10 vedtek Hareid formannskap å legge ut forslag til detaljregulering for Brekkane med planID 20180002, vist på plankart datert 13.07.2021 med tilhøyrande planomtale og føresegner til offentleg ettersyn. Høyringsfrist vert sett til minimum 6 veker.

**Kommunedirektøren si tilråding:**

I medhald av PBL § 12-10 vedtek Hareid formannskap å legge ut forslag til detaljregulering for Brekkane med planID 20180002, vist på plankart datert 13.07.2021 med tilhøyrande planomtale og føresegner til offentlig ettersyn. Høyringsfrist vert sett til minimum 6 veker.

**Vedlegg:**

2816 Planomtale 2021\_07\_04 (endringar med raudt)  
2816\_AM\_Plankart 2021\_07\_13-A2-L  
2816\_Føresegner 2021\_07\_04 (endringar med raudt)  
Referat\_innspele\_202180002[6750]  
Innspele\_samla\_utenkartverket

**Saksopplysningar:**

Detaljregulering for Brekkane, planID 20180002, hadde oppstartsmøte for både planarbeidet og utbyggingsavtale i desember 2018. Januar 2019 vart det varsla oppstart av planarbeidet, samt utbyggingsavtale. Etter dette har planområdet blitt utvida to gonga, etter vedtak frå Hareid formannskap. Planforslaget inkl. begge utvidingane vart send på høyring/offentleg ettersyn i perioden 26.03.21 -17.05.21. Det kom inn 12 innspel, der det blant anna er motsegn frå Statsforvaltaren og Møre og Romsdal fylkeskommune.

*Statsforvaltaren: motsegn til planframlegget inntil plandokumenta sikrar tilstrekkeleg gode støytilhøve for heile planområdet og tilgang til nærleikeplass er sikra allereie ved bruksløyve til første brukseining for den aktuelle leikeplassen. Møre og Romsdal fylkeskommune: Med heimel i veglova §§1a og 9 fremmer vi motsegn til planen inntil det er greidd ut korleis ein skal sikre at trafikken går via sentrum før det er etablert rundkøyring ved Holstadkrysset. Med heimel i veglova § 1a, nullvisjon (om null drepte eller hardt skadde i trafikken), samt fylkesplanen utviklingsmål 3, punkt 5: inkluderande og trygge byar- og tettstader fremmer vi motsegn til planen på utforminga av det interne gangnettverket i planen med bakgrunn i trafikktryggleiken for mjuke trafikantar.*

Det har i etterkant av høyringsperioda vore møte mellom administrasjonen, tiltakshavar og Møre- og Romsdal fylkeskommune, samt internmøte ang. korleis best løyse trafikkavviklinga. Dette for å imøtekome motsegna og forbetre planforslaget.

**Vurdering og konklusjon:**

Med bakgrunn i innspela er det arbeida vidare med planforslaget og ein har no fått sjekka ut og vurdert ein rekkje tema, med anna vegsituasjon, passeringsslomme, støy og gjennomføringsavtale. Kommunedirektøren meina difor at det no er kome fram til gode løysingar som imøtekjem motsegna, slik at desse kan trekkjast. Det er retta opp i tekniske feil ved plankartet, samt endringar i forhold til støy. I tillegg er vegsituasjonen knytt til Brekkane og Drammensvegen endra. Trafikken vert no leia ned til sentrum. Ved inn/ut køyring til Brekkane vert det stans forbode/parkering forbode skilt i tidsavgrensa periode. I øvre del av Drammensvegen, frå Brekkane til Nobba, vert det einvegskøyrte ned til sentrum. Frå skulen og til Kjøpmannsgata skal det merkes av eit areal i eksisterande veg til gongtrasé. Endringar i planomtale og føresegner frå første planforslag er merka i raudt.

Likestillingsmessige sider ved saka: ingen kjende

Konsekvensar for folkehelsa: Vurdert i plan

Miljøkonsekvensar: Vurdert i plan

Økonomiske konsekvensar: Kostnadar til skilt og merking i veg til gongtrasé.

Beredskapsmessige konsekvensar: Vurdert i plan

Konsekvensar for barn og unge: Vurdert i plan

Ragnhild Velsvik Berge  
kommunedirektør

Silja Øvrelid  
Einingsleiar